

Estlands-nytt

Utgitt av Norsk-estisk forening

Endelig innenfor!

Av Jostein Langmyr

Det selvstendige Estlands iherdige utenrikspolitikk har nådd de to viktigste målsetningene. Mandag 29. mars ble de offisielle Nato-dokumentene underskrevet. De neste dagene ble landets inntreden i den militære forsvarsorganisasjonen markert på forskjellige måter, deriblant med militærparader og "folkefest". Tilslutningen til Nato har bred støtte i befolkningen, selv om en besøkende ikke kunne observere noen stormende jubel. – Det fins ingen gode løsninger på landets sikkerhetsproblemer, var en nøktern kommentar.

Det samme gjelder EU-medlemskapet som trådte i kraft 1. mai. Den retningsgivende folkeavstemningen i september viste et klart flertall for inntreden, men ingen overstrømmende jubel her heller. Folket hadde femti års tilvenningstid innenfor Sovjetunionen. Etter 13 års tilvenning til fornyet selvstendighet skal esterne nå finne seg til rette i en europeisk union der de mektigste gjerne vil klassifisere nykommerne som annenrangs. Tallrike overgangsordninger er innført rundt omkring. Blant annet har både EU-land og andre naboer tatt forbehold mot fri flyt av arbeidskraft. Noe som derimot skal flyte fritt innenfor unionen, er brennevinet. —> side 6



EU-flagget vaier nå ved siden av det estiske – her foran et hotell i Tallinn.
(foto: M. Karise)

Estland ved vegskiljet

Estiske samfunnsforskarar innførde for nokre år sidan begrepet *teine Eesti* – det andre Estland. I den nye sjølvstendeperioden har mange estarar greidd seg godt, jamvel blitt velstående. Samtidig lever ein stor del av folket i fattigdom og naud.

Forfatteren, filosofen og samfunnskritikeren Jaan Kaplinski tok initiativ til å samla dei progressive kreftene for å bevare den estiske staten. Estlands-nytt trykkjer her det manifestet som vart offentleggjort i februar. Ein av dei første underskrivarane var litteraturens *grand old man* Jaan Kross. —> side 9

Estlands-nytt

Allment tidsskrift for Estlands-interesserte

Utgiver: Norsk-estisk forening

Redaksjon: Øyvind Rangøy, Kuu 39-64, EE 50104 TARTU,

tlf. +372 747 2624, e-post: rangoy@online.no

Turid Farbrege, Granvågen 14 A 36, FI-00270 HELSINGFORS,

tlf. +358 9 477 1 488, e-post: turid.farbrege@kolumbus.fi

Else-Jannike Kuum, Vækerø terr. 10 B, 0282 OSLO, tlf. priv.: 22 50 63 86.

Vignetter: Asko Künnap

Ombrekking og trykking: V&S Trükitööd, Seebi 22, EE 11316 TALLINN,

tlf. og faks: +372 672 0825.

Redaksjonen avsluttet 3.5.2004. Stoff til neste nummer må være redaksjonen i hende seinest

10.9.2004. Sendes til en av e-postadressene over.

Annonsepriser: 1/1 side kr 1 200, 1/2 side kr 600 og 1/4 side kr 400; tillegg for farger

Av innholdet

Endelig innenfor!.....1	Kultur24
Årets estlandsvenn.....4	Litteratur.....27
Estland ved vegskiljet.....9	Jazzmusikeren Jaak Sooäär32
EU-kommissær Siim Kallas10	Filmspalte39
Nye skip og ruter.....15	Nasjonaldag og årsmøte40
Befolkningssvikten.....18	Estisk mat:41
Ingen EU-støtte til geitene.....19	Med nordmenn til Narva48

Slik redaksjonen ser det

Medlemskap i Nato og i EU er eit vendepunkt i estisk historie, så det er naturleg å gi dette stoffet plass. Tilbakemeldingar viser at store og små hendingar i estisk samfunnsliv blir mottekne med glupsk lesarappetitt. Vi er jo dei einaste som gir informasjon og bakgrunn om Estland på norsk.

For ein gongs skuld har vi provosert så pass at vi får litt debatt i spaltene. Peter Kyhn i Danmark har reagert på omtalen vår av Siim Kallas i førre nummer og har engasjert seg for den estiske politikaren. Vi ser gjerne at ulike syn kjem fram i spaltene og oppmodar lesarane om å ta oftare til orde.

Serien om flaggdagar og merkedagar har vist seg å vere populær, så den går vi vidare med, men på grunn av plassmangel står spalta over til haustnummeret.

Musikken er eit viktig språk i internasjonal samanheng. Estland har dessutan rike tradisjonar og framifrå utøvarar på dette feltet. Estlands-nytt er frå og med dette nummeret så heldig å ha fått to dyktige musikkmedarbeidarar, Merit Karise og Kjetil Rødje, sjå side 32. Vi ønskjer dei to hjarteleg velkomne.

Redaksjonen har visjonære evner, må vi tru. Etter at første nummer for i år gav utførleg omtale av sørestiske språkforhold, vart den estiske Melodi Grand Prix vunnen av ei gruppe som song nettopp på det målet. Alle som følgjer TV-overføringa av tevlingane i Istanbul 15. mai, får høyre ein prøve på Võru-mål.

Språklig førstehjelp

Hvorfor ikke plukke opp noen estiske ord og uttrykk som en kan strø om seg med? Vi gir noen eksempler, og det fins både parlører og hendige lommeordbøker å få kjøpt.

Tere!

Kuidas käsi käib?

Täna, hästi.

Mis su nimi on?

Mulle meeldib Eestis.

Tallinn on ilus linn.

Nägemist!

üks, kaks, kolm, neli, viis

Hei!

Hvordan står det til?

Takk, bra.

Hva heter du?

Jeg liker meg i Estland.

Tallinn er en vakker by.

På gjensyn!

en, to, tre, fire, fem

Fra lederen i Norsk-estisk forening

Kjære leser!

Det er vår – vi har lagt en lang vinter bak oss, og ute spirer og gror det. Men, et skår i denne gleden er dessverre at vi har store uroligheter i områder som ikke ligger så fjernt fra oss. Den form for krig som vi er vitne til, der uskyldige barn og sivile blir sterkest rammet, er tragisk. Det hele er uvirkelig, og ikke til å forstå.

Desto viktigere og gledeligere er det da det som skjer i Europa der 10 nye stater slutter seg til EU. Vi gratulerer Estland som 1. mai blir medlem i EU og da går inn i en helt ny epoke i landets utvikling, noe jeg tror vil bli viktig på mange områder. Dette er jeg sikker på vil føre Estland inn i en stabil vekstperiode, bygd på selvstendighet, samarbeid og fred.

I foreningen har vi lagt to markeringsdager bak oss. Vi hadde en fin feiring av Estlands nasjonaldag. Vi har hatt årsmøte og tatt fatt på et nytt arbeidsår. Så er det fremover. I fjor hadde vi, tross dårlig vær, suksess med å samles for å feire midtsommer. Det gjentar vi i år, så da møtes vi i Harbitzalleen til mat, hygge og kulturelt innslag. Det blir den 23. juni klokka 18.00 (se annonse annet sted i bladet).

Hver gang vi i foreningen får informasjon om prosjekter og arrangementer som viser aktiv kontakt mellom våre land, så er det til stor glede. Vi vet at det kan svinge noe mellom aktive perioder og mindre aktive perioder for de som driver kontaktskapende virksomhet.

I disse tider gleder vi oss spesielt over to tiltak. Det ene er vår kjære "turoperatør" Larsen som til sommeren sender to busslaster til Estland i forbindelse med den store festivalen (side 45). Det skal være noen plasser igjen, forstår jeg. Det andre tiltaket som varmet meg ekstra, er en invitasjon ut til Hobøl ungdomsskole. Der skal de feire tiårs-jubileum. I 10 år har det hvert år vært besøk av lærere og elever enten i Hobøl eller i Rõngu i Tartu fylke. Dette blir markert med en utstilling og med sosialt samvær der det blir innslag av mange slag. Norsk-estisk forening gratulerer hjerteligst med jubileet og ønsker dere lykke til videre med de neste 10 år.

Videre ønsker jeg GOD SOMMER til alle våre medlemmer, venner og kjente.

Beste hilsen
Martin Killi



Årets estlandsvenn (2004)

Innsend av Turid Farbrege

Som årets estlandsvenn 2004 foreslår eg fotterapeut og gatebarnkonsulent Solveig Bergsland frå Bergen, Lillehammer, Oppdal og Ålgård.

Solveig Bergsland og familien hennar budde i Oppdal då Erling Hansen, Rennebu i påska 1997 sende ein buss med 26 personar og 20 kubikkmeter hjelpesending til Estland. Ekteparet Bergsland vart med på turen, og det Solveig såg og opplevde, forandra ganske mykje. Ho har sidan vore over tallause gonger med fly, bil eller buss. Ho har personleg gjort ein formidabel innsats for barn og fattige i Estland, og ho har tent andre til å slutta opp om arbeidet. Hjelpesendingane med buss og med trailer er berre ei side ved dette.

Til fortiårsdagen i juni 1997 ønskte Solveig seg berre pengar. Ho fekk 14 000 kroner som ho gav til ny bygning for Maria Lastekodu, dvs. barneheimen i Tapa. Det står respekt av den summen, men det er likevel berre ein brøkdel av det Solveig sidan totalt har gitt til Estland. Ho har stått for mange aksjonar og innsamlingar, og ho har inspirert andre til å ta fatt.

Solveig skildrar seg sjølv som ein blekksprut med armar som femner vidt om to land. Opprekninga av alle desse armene, eller medhjelparane, kunne sikkert fylla ei heil side. Her tek vi med nokre få sentrale namn: Mati Sinisaar og Avo Üprus i Tallinn, Anatolj Plusko i Narva, Oleg Kaputsin i Tapa, Anne Shotter i Tartu, Hanna Hammer på Mausund, Solveig Nerhoel og Gerd Nordgård i Oppdal, Elisabet Forås i Overhalla, Ola Liland i Halden, Mona Lisa Hovland, Kjell Sveta og Synnøve Andersen på Ålgård, Ann-Mai Husa i Bergen, Ole Johan Skjæveland i Stavanger, osv. Og kva med dei i Fredrikstad, på Lillehammer, i Oslo, på Tønsund ... ? Dette er altså ein blekksprut med uvanleg mange armar. Då er det berre rimeleg at desse armene ofte

oppfører seg svært sjølvstendig. I tillegg til det Solveig har motorikk til å styra, driv dei med eigne prosjekt overfor små og fattige folk i Estland.

Kyrkjelydar og organisasjonar er involverte. I samband med prosjektet i Tapa vart den norske Lionsklubben, region 112, ein viktig støttespelar. Takk vere Lions vart det fart i oppussinga slik at den nye barneheimen vart innvigd sommaren 2002. Det bur no 18 barn der, og Solveig sit i styret for stiftinga som driv heimen.

Mannen til Solveig er prest i baptistkyrkja. Medan ekteparet budde i Oppdal, vart det oppretta vennskapskontakt med søsterkyrkja i Sillamäe. Trønderane har gjort fleire turar dit, sendt hjelp til folk der borte, gitt hjelp til oppussing av kyrkja, osv. Alt før familien Bergsland i 2003 flytta til Ålgård, hadde Solveig fått jærbuane med i hjelpearbeidet og formidla kontakt mellom kyrkja i Sillamäe og baptistkyrkjelyden i Stavanger, der særleg ungdommane har engasjert seg med entusiasme.

I mars 1998 vart Solveig kjend med gatebarnarbeidet i Peeteli-kyrkja i Tallinn. Det var då suppestasjon for ca. 20 barn. Solveig fekk i gang ei fastgiventeneste for å finansiera drifta av suppestasjonen. Scinare vart det i januar 1999 opna barneheim i kyrkja, der det no bur 17 barn. Denne har Solveig og hjelparane hennar støtta med til dels store summer kvar år. I tilknytning til kyrkja vart det oppretta eit krisesenter med plass til 10 og eit dagsenter der det dagleg kjem ca. 30 barn. Dei får eta og vaska seg, og dei får reine klede.

Så tidleg som i mars 1997 kom Solveig i kontakt med Skandinavisk fjernadopsjon som då var i ferd med å avvikla sju prosjekt rundt om i verda fordi det var for dyrt å ha kontroll med dei. Solveig hjelpte organisasjonen til å innsjå at det beste dei kunne gjera, var å styra alle midlane til Tallinn og gatebarnprosjektet. For tida blir det kvar



Solveig Bergsland vart heidra på årsmøtet.

(foto: tf)

månad sendt over 20 000 kroner frå Skandinavisk fjernadopsjon.

Sidan år 2000 har Solveig kvar sommar organisert opphald på to til tre veker i Noreg for større eller mindre grupper med gatebarn frå Estland. Dei har fått sommarferiar med positive opplevingar, anten i Oppdal eller på øya Sula på trøndelagskysten. Folk som tidlegare var medhjelparar på dette prosjektet, driv det vidare. I fjor vart det takk vere Wenche Lunde også invitert ei gruppe med 16 barn til Oslo. No har Wenche fått i gang eiga fastgiventeneste som sender pengar til gatebarnarbeidet. Samtidig skal det bli ei oppfølging med nye grupper på sommartur til Oslo.

Fleire unge menneske frå Estland har i lange periodar budd privat hos familien Bergsland, tidlegare i Oppdal, og no på Ålgård. Ungdommane frå Estland er blitt familiemedlemmer, dei har fått sosial trening, dei har fått nytta natur, fjell og fiske, m.a. på ferie til sommarhuset på Sula.

Solveig har som mål å hjelpe menneske til å få håp i ein vanskeleg kvardag, m.a. ved å senda pengar til å halda oppe drifta av barneheim og krisesenter, ved å hjelpe einskildpersonar, unge mødrer og familiar til eit betre liv. Ho brukar mykje tid på å informera om arbeidet i Estland og skapa forståing mellom folk.

Kort sagt: Solveig Bergsland vart ikkje estlandsvenn for eit år, men for heile livet. Men på årsmøtet i kveld, 17. mars 2004, har Norsk-estisk forening den gleden å heidra henne for det ho har gjort hittil og ønskja henne lykke til vidare i det viktige arbeidet. For, som vi veit: "De gode gjerninger redder verden."

For dei som vil støtta arbeidet for gatebarna, har Estlands-nytt innhenta dei nødvendige opplysningane om adresse osv.:

Skandinavisk Fjernadopsjon, ved Solveig Bergsland, Per Spelemanns veg 8, 4330 Ålgård, bankkonto 3280.20.83474.

Norge lokker leger

Stadig flere estiske leger overveier flytting til ett av de nordiske land der lønna kan være tidobbel sammenliknet med nivået i hjemlandet. Estiske leger får relativt lett arbeid utenlands; det er bruk for dem både i Norge, Sverige og Finland. Etter 1. mai vil det bli lettere enn før å ta arbeid i ett av disse landene. Allerede er det en viss bekymring for at legemangel skal bli et alvorlig estisk problem. (av)

fra side 1. Endelig innenfor!

Russland har under hele prosessen vært imot Nato-utvidelsen østover og truet med å flytte større tropestyrker til grenseområdene. Kreml viste muskler den siste tida for de baltiske land kom under Natos beskyttende paraply. Flere krenkelser av baltisk luftterritorium fant sted. Det er ikke vanlige mennesker gitt å forstå russernes tankebaner. For det var neppe tilsiktet å skremme folk i de tre randstatene inn i Natos favn? Nå var de mer enn lykkelige da Nato overtok luftrommet. Oppgaven var delegert til det belgiske flyvåpenet. Fra Norge, en annen av sine allierte, har Estland mottatt radarutstyr. Selv om de små landene yter sin foreskrevne prosentdel av statsbudsjettet til forsvaret, rekker ikke dette langt, for militær utrustning er kostbar. Estland må stole på sine allierte både til vanns og i lufta. Til lands og hjemme skulle en tro de kunne yte noe selv, men estisk presse er pessimistisk: Rekrutene er psykisk svake, har ryggplager og plattfot, kan vi lese. I internasjonal sammenheng har de i hvert fall utført oppdragene svært tilfredsstillende, så det er kanskje ikke så ille likevel.

Militæralliansens representant, admiral Jan Forbes, på besøk i Tallinn i februar opplyste at det ikke i den nærmeste framtid ville være aktuelt med Nato-baser i de baltiske land. Estland har forsikret oss om det samme; landet har ikke til hensikt å åpne for militærbaser. Etter at forholdet mellom USA og Tyskland har kjølnet og baser i Vest-Europa blir nedlagt, har det imidlertid på Nato-hold vært øket interesse for baser i de nye medlemslandene som geografisk befinner seg i utkanten av Natosfæren og dessuten kan tilby lågere omkostninger. Blant annet skal Nato være interessert i den gamle flåtebasen i Paldiski vest for Tallinn.

Historiske forhold gjør at de åtte tidligere kommunistlandene som fra 1. mai tilhører markedsunionen EU, politisk føler seg tiltrukket av USA og ivrig har slutter

opp om Nato der det er mulig. Dermed risikerer de å havne i opposisjon til de mektige i EU ettersom Tyskland og Frankrike ser samarbeidet med Russland som vesentlig for Europa.

Mens Nato har lite å si for dagliglivet til vanlige mennesker, oppfatter folk flest EU som noe atskillig mer inngripende. I prinsippet skal esterne sitte med i Brussel og bestemme unionens saker. Det blir i alle medlemsland holdt valg til europaparlamentet søndag 13. juni. Fra Estland skal det velges seks representanter. De fleste kandidatene stiller på partilister, men valget blir gjennomført som personvalg. Det er ikke ventet noen stor oppslutning. En viss interesse knytter seg til spørsmålet om det blir valgt politikere, eller om kjendisene får flest stemmer. Fotomodellen Carmen Kass stiller for Res Publica, olympisk mester Erki Nool støtter Fedrelandsforbundet.

Det er så mye nytt å forholde seg til. Uro mer enn tilfredshet preger et flertall av esterne. Avstemningen i september gav et klart ja-flertall for EU. Ved inntreden noen måneder senere er det en kraftig økning i gruppen motstandere og skeptikere. En utbredt bekymring gjelder prisnivået som kommer til å stige. Allerede i fjor gav dette seg utslag i sukkerhamstring. På forvåren tømte folk butikkhyllene for grovt salt. Under EU-nedtellingen i april kjøpte mange husholdninger inn havregryn, ris, mjøl, eddik, fyrstikker og andre varer. Det skal særlig ha vært hamstring på landet, og litt eldre folk som sikret seg, de som har opplevd vanskelige tider før og som ikke har så mye å rutte med nå heller.

EU betyr også forventninger og nye muligheter. Det er ventet pengeoverføringer fra EU til ytterligere forbedring av infrastrukturen og til alle mulige andre formål. Ungdommen kan lettere studere ved utenlandske læreanstalter. Det blir lettere å søke arbeid utenfor Estland, og det blir lettere å ta inn arbeidskraft og spesialister utenfra. Irland, Storbritannia og Sverige er de eneste av de gamle EU-

landene som ikke har vedtatt restriksjoner som regulerer innførselen av arbeidskraft fra de nye, selv om også disse tre stiller visse betingelser før nykommerne kan nyte sosiale goder. Overgangsordningene er langt på vei et spillfekteri beregnet på hjemmepublikum, for samtidig ser vi at de samme landene kan ha mangel på arbeidskraft innen ulike sektorer og lager unntaksregler for import av arbeidskraft der hensyn til egne land gjør det opportunt. Mens andre land maler skrekkbilder av en arbeidssøkende horde fra Øst-Europa, importerer Estland selv arbeidskraft fra enda billigere land. Ukrainere og russere er allerede inne på skipsverftene og i metallindustrien.

Forurensing og miljøproblemer har ikke ventet på globaliseringens tidsalder før de gikk ut over de nasjonale grensene. Estland trenger hjelp med enorme skader fra sovjetperioden. Utvidelsen av EU gjør den medtatte Østersjøen til et innenlandshav i unionen der bare Kaliningrad og St. Petersburg-området står utenfor. Men nettopp disse, og særlig de russiske oljehavnene, gir størst bekymring. Den havarerte oljetankeren i åpent hav utenfor Spania i fjor var intet mindre enn en katastrofe. Vi kan neppe forestille oss de økologiske konsekvensene om noe liknende skulle skje i Østersjøen.

"Vekst" er markeds kapitalismens mantra. Estlands kommissær, Siim Kallas, som er finansekspert, skal i EU arbeide på spesialfeltet sitt. Da han svarte for seg under høringen som nye kommissærer må igjennom i Brussel, var like ens *growth* et hyppig forekommende ord. Kallas forsvarte tilbakeholden beskatning, særlig i forhold til næringslivet, han gikk inn for bevegelig arbeidskraft, stabile forhold i samfunn og lovgivning. Når slike faktorer er på plass, skal produksjonen og markedene vokse, velstanden øker og menneskene får det godt, ifølge Kallas.

Krav og protester er russernes standard-repertoar. Selv om EU hadde en handels-

avtale med Russland, krevde Kreml forhandlinger for at denne avtalen skulle omfatte de nye delene av EU. En reforhandlet avtale ble underskrevet i april, bare noen dager før utvidelsen. Både Estland og Latvia var i forveien bekymret for at dette skulle bli en ny type Hitler-Stalin-pakt for å presse de baltiske land til å gjøre innrømmelser overfor de store russiske minoritetene. Teksten nevner ikke russerne i Baltikum spesielt; i stedet er det generelt snakk om minoriteter i EU. Og avtalen gjør slutt på den doble toll som estisk eksport østover har lidd under. I Estland oppstod det straks mistanke om at det var ugler i mosen ettersom både Russland og EU oppfattet avtalen som en seier for seg. Offisielle estiske kommentarer uttrykte tilfredshet, men erfaring viser at russerne alltid har vært i stand til å tolke avtaler etter eget hode.

Med Nato- og EU-medlemskap er sovjetperioden definitivt forbi. Okkupasjonen varte lenge, og kampen for frihet var en kraftprøve. Okkupasjonen hadde likevel én fordel: Alle visste hvem eller hva som var fienden. Å kjempe *mot* noe, er enkelt. Hva en kjemper *for*, kan fort bli uklart. Mange estere har i det siste sett seg omkring i det nye samfunnet og forundret stilt spørsmålet: Var det dette vi ville oppnå? De ser den enorme kløfta mellom hovedstad og utkant, forskjellen på velstående og forkomne.

Vi som har fulgt utviklingen over tid, husker godt den syngende revolusjonen som kunne mobilisere tredjeparten av den estiske befolkningen på sangarenaen i Tallinn der de sang seg ut av Sovjet. Femten år senere viste fjernsynet 25 parlamentsmedlemmer i blandet kor på Toompea som 1. mai 2004 sang Estland inn i EU. Kontrasten kunne ikke vært større. (3.5.2004)



Nye lover

EU er en handelsunion. Den vil også være mye mer. I festtalenes tid er det mye snakk om EU som en fredsorganisasjon. Utallige ganger har vi i det siste fått høre om verdifelleskapet i unionen. Dette fellesskapet blir forsterket ved hjelp av lovgivningen.

Estland manglet lenge en likestillingslov, noe siviliserte land bør ha. Etter EU-påtrykning behandlet og vedtok Riigikogu i mars svært motvillig en lov som skulle regulere rettighetene for kvinner og menn i samfunnet. Loven er egentlig svært mangelfull og temmelig intetsigende, bortsett fra at det blir opprettet et likestillingsombud. I Estland er både kvinner og menn kjønns-sjåvinister, så det var stor enighet om at loven er noe unødvendig tøv. De mer vid-synte og framstegsvennlige innrømmer at loven er dårlig, men mener at den er bedre enn ingenting. Når den først eksisterer, vil det være mye enklere å gå videre om få år og endre den så den blir bedre tilpasset be-hovene i et europeisk samfunn.

I april kom så røykeloven. Den går nes-ten like langt som Irlands nye røykebestem-melser. Røyking på offentlige steder blir forbudt etter en overgangsperiode på ett år. Det blir forbudt å røyke i butikker, i opp-gangene i boligblokker og på alle spise-steder untatt utendørs servering. På tog og skip skal røyking være tillatt bare i spesielle røykerom. Noen bestemmelser trer i kraft allerede i mai i år. Dette gjelder kravet om at minst 30 % av sigarettpakken skal være dekket av en advarsel om helsefarene. Tidligere var kravet 4 %. Loven krever videre at ord som *light*, *mild*, *ultra light* og *super light* skal fjernes fordi de er villedende. Sosial-minister Marko Pomerants ser det som ves-entlig for folkehelse å få i stand en endring i folks røykevaner. Av en befolkning på 1,4 millioner røyker 355 000. Daglig dør ti personer av sjukdommer som er forårsaket av røyking. Regjeringen planlegger en opp-

lysningskampanje for å overbevise om for-delene ved røykfritt miljø. Så får vi se hvor lenge røykerne skriker om krenking av menneskerettighetene før det går opp for dem at frisk, røykfri luft kan være en enda viktigere rettighet for mennesket. (ay 20.4.04)

Overgang til euro

Etter sjølvstendeerklæringa i august 1991, var pengereforma i juni 1992 det neste viktige steget i utviklinga av det nye Estland. Eigne pengar var eit viktig symbol som greip djupt inn i sjela på dei fleste. Vi som er gamle nok til det, minnest korleis estarane lo og gret der dei stod med egne estiske kroner i hendene. Kvar person kunne veksla inn rublane sine og få maksi-mum 150 EEK. Så der rådde prinsippet om likeverd for innbygarane. For oss som er utan økonomisk kunnskap, står det som eit mysterium korleis mange aldri kom lenger enn til 150 kroner medan andre med same utgangspunktet er blitt mangemillionærer. Kvar kom dei pengane frå?

Før sjølvstendet og pengereforma heldt finske mark på å overta som betalings-middel i grannlandet. Invasjonen frå nord vart den gongen slått tilbake med *eesti kroon*. No er situasjonen så forandra at i staden for å tenkja på forsvar, er dei estiske styresmaktene berre opptekne av korleis dei snarast råd kan bli fullverdig medlem i pengeunionen EMU og skifta ut kronene sine med euro. Dette kan likevel tidlegast skje i 2007. I mellomtida gjeld det for den ferske EU-medlemmen å oppfylle krava i Maastricht-avtalen som for EMU-landa har sett opp grenser for inflasjon, for budsjettunderskot, statsgjeld osv.

Kronekursen vart i 1992 knytta til tyske mark – 1 DMK = 8 EEK. Då Tyskland gjekk over til euro, følgde krona med og vart bunden til den nye valutaen i forholdet 1 euro = 15,6 EEK. (olm 1.3.04)

Estland ved vegskiljet

frå side 1

Av Jaan Kaplinski


Estland står ved eit vegskilje. Høgresida, oppmuntra av samanbrøtet til den sovjetiske psevdososialismen, ønskjer no å helle ut barnet med badevatnet, nullstille alt som arbeidsfolk har oppnådd det siste halvtanna hundreåret og skru tida tilbake til den tidlege kapitalismen.

Denne snuoperasjonen blir rettferdig-gjort og grunngitt med fridom, som dei meiner velferdsstaten, slik sosialdemokra-tane har skapt han, innskrenkar. Hovud-fienden til dei høgreorienterte er staten slik han har vakse fram på 1900-talet, som har gjeve borgarane trygdeordningar, rett til utdanning, medisinsk og sosial hjelp, tryggleik, skapt høve for menneske til å realisere seg sjølve utan omsyn til formue. Denne staten blir no skulda for å vere ein dårleg husbond, for å vere til hinder for næringslivet og for å avgrense råderetten over privat eigedom.

Åtaket mot staten går føre seg på fleire frontar. Staten blir svekka indirekte ved å byggje opp alternative private strukturar – vaktelskap, sjukehus, skular, posttenester, og direkte med reduserte inntektskilder for staten.

Dersom skattereforma den sitjande koalisjonsregjeringa har teke initiativet til, blir vedteken, er det i realiteten eit statskupp frå høgrekreftene si side: Den estiske staten og det estiske sjølvstendet vart til under sterk innverknad frå sosial-demokratiet, Estland har fram til no rekna det som ein sentral verdi at staten skal verne om både grunnleggjande borgarrettar og sosial rettferd. No vil dei redusere personleg inntektsskatt frå 26 % til 20 %, noko som dramatisk vil minske inntektene til staten og særleg til lokaldemokratiet.

Retorikken frå høgresida klandrar omfordelinga av gode, samstundes som Riigikogu etter framlegg frå høgresida vedtek ei lov om foreldreloønn som inneber



Jaan Kaplinski.

(foto: tf)

omfordeling av pengar frå dei fattige til dei rike.

Høgresida bryr seg ikkje eingong med å grunngi dei statskuppliknande reformplana sine, og synest det er nok med banale propagandafraser. Ein slik sjølvgodskap er mogleg fordi venstresida i tanke og handling har vore så svakt til stades i politikken og i den offentlege debatten, som stadig meir openlyst blir diktert av pengemakta, kapitalen, som verken kjenner folk eller fedreland.

Høgresida forkynner at sosialdemo-kratiet og ideen om sosial likskap er forelda og ikkje passar inn i ei globalisert verd og eit postindustrielt samfunn. Dei gløymer at sosialdemokratiet inkarnerer det urgamle menneskelege strevet etter ei meir men-neskeleg, rettferdig og fornuftig sam-

funnsordning. Dette strevet er like aktuelt i agrarsamfunn, i industrielle og postindustrielle samfunn, som i forbrukarsamfunnet. For dei som meiner at sosialdemokratlar, når dei har fått sitje lenge ved makta, har bremsa den økonomiske utviklinga og gjort henne mindre konkurransedyktig, er det på sin plass å minne om at mellom dei mest vellykka, velstående og konkurranse-dyktige landa i verda finn vi Sverige, Finland og dei andre nordiske landa, som for ein stor del har vore forma og styrte av sosialdemokratlar. Frå 1800-talet og fram til i dag har sosialdemokratiet vore i stadig utvikling, til tider sjølvsaft gjennomlevd kriser og konflikhtar, men stadig på nytt vist seg både livskraftig og nødvendig.

I Estland i dag er det eit paradoks at den estiske staten er styrt av dei som eigentleg ikkje har bruk for nokon estisk stat, og som har gått inn for å byggje ned, minimalisere, denne staten. Dei som ikkje treng noko heimland, tek no heimlandet frå dei som treng det. Dersom den styrande makteliten får det som dei vil, er det einaste som blir igjen av staten nokre maktstrukturar og fattigslige sjukehus, skular og politi for dei stakkarane som ikkje kan betale for kvalitetstenester. Estland er i ferd med å bli delt ein gong for alle i to Estland. Ein stat utan ei aktiv venstreside er i verda i dag like hjelpelaus som eit menneske som manglar venstre hand.

Framleis er det mogleg å stoppe denne lagnadstunge utviklinga. No har dei venstreorienterte, saman med andre sunne, framsynte krefter, ein siste sjanse til å gå saman og gjere slutt på maktmonopolet høgresida har i Estland, gjenopprette tapt balanse, sosial rettferd og rett og slett sunn fornuft, verne om den estiske staten, som er det einaste heimlandet folket vårt har, den felles heimen vår. Det som sosialdemokratiet gjennom tidene har stått for. Det er på høg tid at sosialdemokratiet kastar fikenbladet, står fram under sitt rette namn og tek opp kampen for prinsippa sine. (oms. ved ØR)

EU-kommissær Kallas

Av Peter Kyhn

Den meget vidende Jostein Langmyr presenterte i Estlands-nytt nr. 1, 2004, Estlands kommende EU-kommissær, veteranen Siim Kallas. Artiklen rummede en del kritiske bemerkninger, bl.a. om den måde Kallas var blevet udnævnt på og en noget tvivlende kommentar, om Kallas nu vil blive en repræsentant for hele Estland eller bare vil fortsætte "kampen for de bedrestilte i samfundet". Jeg er ikke klar over, om Jostein Langmyr også laver billedteksterne, men der blev man stillet over for spørgsmålet, om Kallas nu virkelig påtager sig hvervet som kommissær for at fylde sin egen kasse eller Estlands statskasse.

For nu at tage det sidste først: Det er et helt relevant spørgsmål at stille vedrørende alle de mange mennesker fra de nye medlemslande, som enten får ansættelse eller politisk opdrag i EU, om disse gør det for pengene eller af ideelle politiske grunde. Årsagen er den enkle, at forskellen mellem lønniveauet i Estland og niveauet i Bryssel er afgrundsdyb. I forhold til Siim Kallas er der dog at sige, at han, hvis han ønskede at fylde sine egne lommer, blot kunne gå ind i forretningslivet. I modsætning til så mange politikere har han nemlig erfaring fra at drive virksomhed. I øvrigt bør en kommissær ikke virke for at fylde sit eget lands kasse, men for hele unionens vel, så billedtekstens modstilling er udtryk for en fundamental misforståelse af EU-systemet.

Siim Kallas har været mange ting i sit liv – karrierebureaukrat i sovjetssystemet, kommunist, reformkommunist, sygekasse- mand, avismand, superliberalist og stats- mand. Han er med andre ord en overlever, ikke en rankrygget idealist. Men at fremstille hans politiske virke i Estland blot som en kamp for de bedrestillede vilkår er misvisende. Netop i EU-kommissionen vil en liberalist og frihandelstilhænger som

Kallas være rette mand på rette sted. Lad os håbe, at han her kan kæmpe for øget frihandel, nedrivning af EU's toldmure og ikke mindst "likvidering", som esterne ville sige, af EU's tåbelige landbrugspolitik, der bruger halvdelen af EU's mange milliarder euro på at forkæle sløve europæiske bønder og vedligeholde tvangstanker om at dyrke dårlig tobak i Grækenland eller lave sukker



Siim Kallas.

af dvaske danske sukkerroer. Dette er ikke at kæmpe for de bedrestillede, men blot en retfærdig kamp for rationel udnyttelse af sparsomme økonomiske ressourcer – og, hvis man er så optaget af de fattiges vilkår, ville i øvrigt være en gigantisk håndsrekning for u-landene. Hverken i EU-kommissionen eller især ikke medlemslandene (og også i EØS-landene) skorter det på politikere og bureaukrater, der vil kæmpe til sidste blodstråbe for at beholde alle mulige privilegerede velfærdsordninger for sig og sine. Det bedste eksempel på dette er jo, at intet af de nuværende medlemslande, bortset fra Irland, er villig til at åbne op for estere og andre fra de nye medlemslande, der vil ind på EU-arbejdsmarkedet, hvor mantraet ellers har været fri bevægelighed for varer, arbejdskraft og kapital.

Måden Kallas blev udnævnt på blev også kritiseret af Langmyr. Jeg har været EF/EU-borger siden 1. januar 1973 og for mig er der intet odiøst i, at den til en hver tid siddende statsminister udnævner kommissæren. Og man kan heller ikke fortænke statsminister Parts, der siden sin regeringsdannelse i 2003, hvor Kallas blev til overs, har haft Reformierakonds formand siddende som "erfaren statsmand", læs bagsædechauffør og bedrevidende kritiker, i sit eget politiske bagland. Det er da genialt at få Kallas skibet af sted til Bryssel. Sådan har vi gjort det i Danmark i

årtier, mest markant i begyndelse af 90'erne, hvor daværende statsminister Poul Nyrup Rasmussen udskiftede den tidligere liberale parti- formand Henning Chris- tophersen, kaldet Sylten, med en socialdemokratisk rebel, Ritt Bjerregaard.

Kort sagt: Man skal ikke bebrejde esterne, at de spiller det politiske spil, som vi har spillet i årtier. Tværtimod bør man glæde sig over, at

de har udnævnt Kallas, en forkæmper for de økonomiske og politiske idealer, som esterne har markedsført i snart tolv år: lav skat, lille stat, balance i statsbudgettet, nul statsstøtte og nul told, til at udfordre alle de slatne velfærdsapostle, der i al for høj grad præger EU. (10.2.2004)

Kallas-kommentar

Av Jostein Langmyr

Peter Kyhn skal ha takk for bemerkningene til forrige nummer av Estlands-nytt med omtale av Siim Kallas og utnevnelsen av han til EU-kommissær. Det er viktig å få fram forskjellige synspunkter i spaltene. Delvis tolket Kyhn muligens mer ut av teksten enn jeg faktisk hadde lagt inn, så det foreligger nok noen skinnuenigheter.

Kallas har vært leder for det liberalistiske Reformpartiet i Estland helt fra starten av i 1994. Han er en markant skikkelse som også ble nevnt side 7 i forrige nummer av dette tidsskriftet – der i forbindelse med foreldrelønnssystemet. Han satte i den debatten alle krefter inn på å sikre posisjonen for de velstående i samfunnet og forskrekket mange mennesker med en heftighet og en ordbruk som en nesten kunne tolke dithen at han gikk inn for et slags sosial rasehygiene. På bakgrunn av slike episoder mener jeg at

språkbruken i Estlands-nytt nr. 1, 2004 var noenlunde moderat. Det ble ikke underslått at Kallas er en erfaren og dyktig politiker som nyter stor anseelse i vide kretser. Og det er Kyhn som sier at Kallas er "en overlever" som ikke nødvendigvis har idealistiske motiver for det han gjør. Når Kyhn først har sagt så mye, kan jeg røpe at jeg er tilbøyelig til å dele denne oppfatningen av mannen; han har unektelig egenskaper som kan oppfattes som opportunistiske.

I min lille artikkel ble det ikke nevnt at Kallas hadde vært medlem av kommunistpartiet i 18 år – fra 1972 til 1990. Når Kyhn har trukket fram den kommunistiske bakgrunnen, tar vi med at denne detaljen ikke gikk ubemerket hen i EU. Den kommunistiske fortida ble etter utnevnelsen av Siim Kallas til EU-kommissær gjort til en viktig sak av de konservative på høyresiden i EU, som nettopp hadde gått inn for at tidligere kommunister skulle utelukkes fra verv i unionen. Det var sikkert sunt for dem å få en av dem i sin midte, så på den måten hadde Kallas uten tvil en misjon.

Det er ikke overbevisende argumentering fra Kyhn når utnevnelsen av Siim Kallas blir forsvart med at det i Danmark går for seg på samme måten. Det er grunn til å stille seg kritisk til udemokratiske metoder uansett hvor de blir brukt.

Vi kan begge, både Kyhn og jeg, rose oss selv fordi vi lot dollarsaken ligge. Den er jeg likevel blitt nærmest nødt til å si noen ord om fordi flere lesere har hørt om den fra andre kilder og har spurt hva den dreier seg om. Så helt kort: Da Siim Kallas satt som sjef for Estlands Bank (1991–95), forsvant det 10 millioner dollar som ingen siden har klart å oppspore. I flere år gikk Siim Kallas ut og inn av rettsalene og forsvarte seg mot beskyldninger om underslag. Noen utroskap lot seg ikke bevise, og rettsprosessene er nå avsluttet. Og for sikkerhets skyld: Billedteksten i forrige nummer var ingen allusjon til dollarskandalen. Kyhn er derimot inne på

det riktige når han mener at teksten kan henspille på en fundamental misforståelse av EU-systemet. Jeg har inntrykk av at mange av de liberalistiske politiske lederne i Estland oppfatter EU som en pengemaskin som fritar dem selv for sosialt ansvar. I artikkelen jeg skrev for Estlands-nytt nr. 5, 2003 etter det estiske folkets ja til EU, blir det på bakgrunn av det nordisk-baltiske statsministermøtet i Helsingfors i fjor høst nevnt at: "De andre EU-landene kan ikke akseptere at f.eks. Estland kjører en skattereduksjonspolitik for sine nyrike samtidig som de har forventninger om store overføringer fra EU-kassa til finansiering av infrastrukturen."

Siim Kallas har vært en markert eksponent for den liberalistiske nedbyggingen av den estiske staten. Det er en utvikling som bekymrer mange av oss. (18.2.04)

Ordener og utmerkelser

Nasjonaldagen 24. februar deler Estlands president ut medaljer og ordener i stor stil. I år fikk 447 personer en eller annen utmerkelse. Leserne korrigerer oss forhåpentligvis om vi har tatt feil, men vi fant bare én eneste nordmann på listene. Det var **Christopher Fougner Prebensen**, generalsekretær i den norske Atlanterhavskomiteen. Han ble belønnet for støtten til estisk natomedlemskap. Det preget årets ordenutdeling at de fleste utlendingene hadde vært aktive støttespillere i EU- eller natosammenheng. Som kjent tiltrer Estland begge disse unionene våren 2004.

Presidenten belønner også landets egne. Vi merker oss at forfatterne **Andrus Kivirähk** og **Tõnu Õnnepalu** (kunstnernavn: Emil Tode) ble tildelt Den hvite stjerne, femte klasse. Dette er de to yngste estiske forfatterne som er utgitt på norsk. Kivirähk er fersk av året med boka *Trollskap i november* som kom i februar og fikk strålende kritikker. (jv)

Det raknar for Savisaar

Den dyktige politikaren Edgar Savisaar har opplevd høge toppar og djupe dalar. Fleire gonger er det spådd at den politiske karrieren hans var slutt, men så har han dukka opp på nytt. Han gjorde på få år Senterpartiet til det største i landet. Då trepartiregjeringa til Mart Laar kasta inn handkleet ved årsskiftet 2001-02, tok Senterpartiet over saman med Reformpartiet til Siim Kallas.

Ved valet i mars 2003 fekk Senterpartiet flest røyster, men ikkje så mange representantar som dei hadde venta, for 28 var like mange som Res Publica fekk inn i Riigikogu. Savisaar greidde ikkje å danna regjering fordi det i dei andre partia var liten vilje til å gå i samarbeid med han. Det var ikkje nødvendigvis partiet hans det var noko gale med, men med "leiarstilen" til Savisaar. Han blir rekna som svært autoritær og ikkje lett å ha med å gjera.

Det er ei påkjenning for Senterpartiet at dei ikkje har fått makt trass i den store oppslutninga. Dersom leiaren er ei hindring, så må det gå an å skifta han ut, kunne ein tru. Helseproblema etter den alvorlege infarkten han hadde i oktober, skulle telja i same lei.

I staden har Savisaar gått inn for å konsolidera posisjonen sin. Dette gjer han delvis ved å byggja partiet om til eit familieføretak. Dottera er leiar for senterungdommen, og i mars pressa partileiaren igjennom at den gåverike unge Sven Mikser vart sett på sidelina som gruppeleiar i parlamentet. Ny på den posten vart Vilja Savisaar, kona til partileiaren. På denne måten kontrollerer Edgar Savisaar tre topp-posisjonar i partiet, i tillegg til at han er ordførar i Tallinn.

Framståande partifolk med evne til sjølvstendig tenking har gong på gong offentleg forsikra at dei ikkje har planar om å melda seg ut av partiet. No har utviklinga lkevel gått så langt at uroa ikkje let seg dempa ned. Fleire av dei mest kjende politikarane i partiet skriv og talar ope om



Vilja Savisaar.

leiarskifte. Savisaar svarar med ekskludering, og viktige personar går ut av partiet i solidaritet med dei som er kasta ut. No spør ein seg berre kor stort – eller kor lite – kjem Senterpartiet til å vera om nokre månader? Meiningsmålinga som vart offentleggjort 3. mai, viste at 13 % av veljarane ville ha røysta på Senterpartiet i dag. Så lågt har partiet aldri før vore. Jamvel slike som tidlegare har hatt eit nært samarbeid med Savisaar, får ikkje lenger leiaren sin i tale. Han viser seg sjeldnare offentleg og snakkar ikkje med tidlegare våpendragarar. Vi får inntrykk av at det ikkje berre raknar for Savisaar, men at det jamvel rablar for han. Det er endå alvorlegare. (3.5.04 olm)

Treplanting til ære for EU

Ein million tre vil estarane planta 1. mai i år, den dagen då dei formelt blir medlem av EU. Kampanjen er kostnadsrekna til 2,7 millionar eek. I summen er det også medrekna utgifter til ein internasjonal PR-framstøyt.

Furu og gran er dei treslaga det blir satsa mest på. Regjeringa håper at tusenvis av frivillige skal delta i prosjektet. Med planting skal det også gjerast ære på den store songfestivalen i juli. Den har i år eit tema med tilknytning til skogen. (olm)



Fergeruten til Estland

Avreise hver dag, ettermiddag fra
Stockholm,
kveld fra Kapellskär

Stockholm – Tallinn 17.00 – 10.00

Tallinn – Stockholm 17.00 – 10.00

Kapellskär – Paldiski 20.00 – 07.00

Paldiski – Kapellskär 09.00 – 18.00

Vi er også behjelpelige med hotellovernattinger,
studieturer, skolereiser, gruppereiser, osv.

c/o Viking Reiser AS

Grensen 9A, 0159 Oslo

tlf. 23 00 34 80, faks 22 42 03 93.

Nye skip og ruter

Det estiske rederiet Tallink begynte i mars å trafikere ruta mellom Stockholm og Tallinn med det nye passasjerskipet Victoria. Skipet er oppkalt etter Sveriges kronprinsesse og blivende dronning. Hun var invitert til dåpen, men var forhindret slik at skipets gudmor ble sverigeesteren **Ilon Wikland**. Henne kjenner vi som illustratør til Astrid Lindgrens bøker for barn. På Victoria fikk Ilon Wikland i oppdrag å dekorere det 55 m² store lekerommet. (Viking Reiser er representant for Tallink, se annonse med rutetider på motstående side.)

Det har ikke vært regulær passasjertrafikk mellom Tallinn og St. Petersburg før Tallink åpnet denne ruta i april i år. Fantaasia går fra Helsingfors om ettermiddagen klokka 16.00 og fra Tallinn kl 20.00. Neste morgen klokka 10.00 legger den til kai i St. Petersburg. Derfra fortsetter den klokka 17.00 og er i Helsingfors igjen klokka 10.00. Om ettermiddagen skal den være klar til å ta fatt på neste tur. Antakelig vil finner og russere utgjøre hoveddelen av passasjertallet. Det er mer enn ti år siden russerne sist kunne dra fra St. Petersburg med et passasjerskip. Tallink lover dessuten båtforbindelse videre helt til Stockholm, for dem som måtte ønske det.

Fantaasia kan ta inntil 1700 passasjerer, lugarplass er det for 913 av dem. Trekantforbindelsen på Finskevika med anløp i Russland betyr at taxfree kan fungere om

bord, selv etter at systemet fra 1. mai tar slutt mellom Estland og Finland som fra den dagen av begge er EU-land. En kompliserende faktor er visumtvangen mellom på den ene sida Russland og på den andre de to EU-landene. Til å begynne med har det også vært problemer med å få bilen med seg inn i eller ut av Russland. St. Petersburg må nå takle en helt ny type reisende som ankommer sjøveien med bil.

Tallink er forberedt på at trafikken på Russland kan være tapsbringende de to første åra. Erfaringene vil avgjøre om det blir forandringer i opplegget. Hvis det er liten trafikk på Tallinn, kan skipet gå fram og tilbake mellom Helsingfors og St. Petersburg. Skulle denne farten derimot bli en suksess, er Tallink forberedt på å bygge et nytt skip for å ta seg av tilstrømningen. Foreløpig blir det forsøkt med noe for enhver smak, slik billettprisene viser. Cruiseprisen viser et sprik fra 625 eek for billigste billett og inntil 9400 eek for den mest luksuriøse opplevelsen. Forhåpningen er å bringe i snitt 1200 passasjerer per tur til St. Petersburg, på årsbasis oppimot 400 000.

Kuressaare på øya Saaremaa får i sommer båtforbindelse med Ventspils og Roja i Latvia. Øya er så pass interessant at det også er opprettet flyrute fra Visby på Gotland. Den kommer i tillegg til flyforbindelsen med Tallinn.



Victoria – Tallinks nye stolthet.

Stortorget i Tallinn

Av Merit Karise-Rødje

